

Referat frå "Syng jula ut" - Røvik kirke 10.01.2015

v/Elen Lein

Bilde av innbydinga:



Fuglset Mannskor med dirigent Kyrre Bjørdal Sæther



Bjørn Austigard
"Jul i eit menneskeperspektiv"



Egne solister:

Kristen Gundersen, Kyrre B. Sæther, Jon Hoem,
Magnus Ohna, Amund Sæter og Odd Røhjell

Arrangør:
Fuglset Mannskor



Billetter kr 150
Barn gratis

Melding frå opplevinga av Rotarymedlem som var tilstades.

1. avdeling, koret syng jula ut

Klokkeringing sette stemninga saman med inntoning opp kyrkjegolvvet med horn før koret følgde opp med "Det hev ei rosa sprunge". Koret held fram med 5 julesalmar og -songar sunge mildt og nennsomt eller med styrke etter som det høvde til teksten. Vi merka oss serleg Julekveldsvisa av Prøysen som ny av året, fint arrangert av dirigenten.

2. avdeling, New Orleans- musikk

Med trompet, trombone, saksofon, tuba, banjo og trommer framførde gruppa "Bech & Skeidsvoll New Orleans" fleire nummer frå det raske svingande til det rolege melankolske og også med song. Dyktig gjennomført, avslutta med "Down by the Riverside". Flott "trøkk".

3. avdeling, jul i eit folkeminneperspektiv

På grundig vis og med humor kåserte Bjørn Austigard om juletradisjonar med kjelder frå 1750, utover 1800-talet og til Ola Hola – innsamlinga som starta i 1920. Han fortalde om korleis ljøs vart brukt i den mørkaste tida rundt jul for kjempe mot mørket/svartmakta, tussar, troll, hulder, haubokk. Han var og innom frilynde prestar sin påverknad, og gav eit innblikk i kristentrua til vanlege folk. Jula varde lenge, ein skulle t.d. ikkje spinne og veve før kyndelsmesse 2. februar. I jula låg alle i stua i ny halm som seinare vart nytta i sengene.

4. avdeling, koret heldt fram med noko av sitt 70-års jubileums repertoar

Med stor variasjon frå kjærleikssongar til kjend salme arr. av Johan B. Grimstad og negro spirituells, viste koret fram si store bredde på ein flott måte. Samspelet med Bech & Skeidsvoll i nokre nummer var og vellukka. Fleire gode solistar imponerte m.a. Kristen Gundersen som har vore solist i 50 år.

Etter mektige "I surrender All", avslutta leiaren i koret Ottar Befring med takk til alle som hadde vore med og samarbeidd for å kunne gjennomføre konserten.

Elen Lein